



Arealkoordinator

Seniorrådgivar

Fakultetet disponerer i dag 69.000 kvm fordelt på 24 ulike bygg. Våre aktivitetar og ambisjonar innan forskning og utdanning spenner over laboratorieverksemd, felt- og toktarbeid og teori- og modellutvikling. For kvalitet i forskning og utdanning er vi avhengige av å utnytte noverande bygningsmasse best mogleg, syte for kontinuerleg fornying og å realisere nye arealprosjekt. Sikker drift, god dialog med brukarane og modernisering av forskingsinfrastruktur og læringsareal er viktige målsettingar i fakultetet sitt arealarbeid. Både på og utanfor campus skal studentar og tilsette ha eit trygt og sikkert arbeids- og studiemiljø. For å realisere desse måla søkjer vi ein tillitvekkande, erfaren og utviklingsorientert rådgivar med brei erfaring og interesse for arealforvaltning.

Arbeidsoppgåver:

- Planlegge og koordinere fakultetet sine interesser knytt til byggeprosjekt og arealendringar
- Ta initiativ til utvikling av fakultetet sine areal på kort og lang sikt
- Halde oversikt over fakultetet sine areal og bidra til effektiv og hensiktsmessig utnytting av areala
- ROS-analysar innafor stillinga sitt ansvarsområde
- Ivareta gode brukarprosesser i arealprosjekt
- Arbeidsoppgåver knytt til arealbehov for tyngre infrastruktur
- Ansvar for å koordinere HMS-innsatsen knytt til det fysiske arbeidsmiljøet
- Samarbeide tett med brukarmiljø og universitetet si eigedomsavdeling og HMS-seksjon
- Gje støtte og råd til leiarar i areal- og HMS-relaterte spørsmål

Du har:

- utdanning på masternivå innan relevant fagområde. Realkompetanse med relevans for arbeidsoppgåvene kombinert med etter- og vidareutdanning kan kompensere for utdanningskravet
- erfaring frå utgreiingar og gjerne oppfølging av større byggeprosjekt
- interesse for og erfaring med systematisk og operativt HMS-arbeid
- gode datakunnskapar og kjennskap til IT-system for prosjektstyring og byggeleiing
- god evne til å kommunisere munnleg og skriftleg på norsk og kunne kommunisere på engelsk
- god økonomiforståing

Du er:

- ein leveransedyktig pådrivar med stor arbeidskapasitet og evne til å arbeide sjølvstendig
- systematisk og analytisk med evne til å sjå moglegheiter og vere løysingsorientert
- ein relasjonsbyggjar med gode samarbeids- og kommunikasjonsegenskapar

Vi kan tilby:

- Spannande og utviklande arbeidsoppgåver i eit godt og fagleg utfordrande internasjonalt arbeidsmiljø.
- Stilling som seniorrådgivar (kode 1364) i lønssteg 70 - 75 (for tida kr 631.700-695.00) i det statlege lønsregulativet. For særleg godt kvalifiserte søkjarar kan høgare løn vurderast.
- Fleksibel arbeidstid
- Medlemsskap i Statens pensjonskasse
- Gode [velferdsordningar](#)

Generell informasjon:

Har du spørsmål om stillinga kan du kontakte fakultetsdirektør Elisabeth Müller Lysebo, e-post: elisabeth.lysebo@uib.no, mobiltelefon 975 57 135.

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Personar med innvandrarakgrunn og personer med nedsett funksjonsevne blir oppmoda om å søkje stillinga.

Opplysningar om søkjaren kan bli gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teke til følgje, skal søkjaren varslast om dette.

Nærare om tilsettingsprosessen [her](#).

Om Universitetet i Bergen

Universitetet i Bergen er ein anerkjend utdannings- og forskingsinstitusjon, organisert i sju fakultet og omlag 54 institutt og faglege senter. Campus ligg i sentrale delar av Bergen med universitetsområde på Nygårdshøyden, Haukeland, Marineholmen, Møllendalsveien og Årstad.

Det matematisk-naturvitenskapelige fakultet består av sju institutt og en rekke sentre. [Les meir om fakultet](#) og [tilhøyrande institutt](#).

Jobbnorge-ID: 169846, Søknadsfrist: Søknadsfristen er gått ut